



Nr 2 | 2023 | 74. årgang

*Med ønskje
om ei velsignna
julehøgtid!*

Ei strime av von

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von. Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: *Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.* Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef,



som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime. Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

Av biskop Ragnhild Jepsen

Julefeiring og juletradisjonar

Me har alle våre minne frå julefeiringa og tradisjonane rundt den.

For meg som norsk og oppvaksen på Åfjorddalen her i Hyllestad, er det nærliggande å trekke fram turen ut i marka for å finne juletre saman med far min. Eller det er den lange ventinga på at det skulle bli pinnekjøt og riskrem etter at fjøsstellet var ferdig heime på Systad. Far las juleevangeliet og mor tente «alle lys». Før den store spennande hendinga med opning av pakkane, gjekk me og rundt juletre: «Eg er så glad kvar julekveld for då vart Jesus fødd», sang me. Det var ei heilag stund i heimen, men når 4-5 sangar var sunge, då kribla det i ein uroleg gutekropp. Pakkane!! Julekvelden har eg svært gode minne frå. 1.juledagen var dagen då me gjekk (køyrd) til kyrkja i Hyllestad.

Mykje meir er det å fortelje, men no skal det handle om dei som har komme hit frå andre land. Dei som bur midt i mellom oss her i bygdene i Hyllestad. Kva minner har dei? Dei som kjem frå ein kristen bakgrunn i sitt land, men som me no skal sjå kan ha andre tradisjonar enn oss. Eg har først spurt Katja som bur i Dalsbygda, og har vakse opp i katolsk tradisjon i Polen.

Katarzyna Malgorzata Lylund fortel:



Katarzyna Malgorzata Lylund

«Jul i Polen tek til når barna kan sjå stjerne på himmelen. Då kan ein ta til med ein høgtidleg kveldsmat. Det er først bibellesing og så deler me oblat (nattverdbrot) med alle som er med oss den kvelden. På bordet skal det vere 12 forskjellige matrettar, (utan kjøt);; nett som talet på apostlane til Jesus. Det er mykje fisk i min familie. Forrett er rødbetsuppe med små gnocci til. (Gnocci er ein type pasta laga med potet). I den eine var det gøynd 1 grosz (tilsvilar øre), og den som fann den, skulle ha lykke heile året! Hovudrett er torskekaker i grønnsaksaus. I tillegg sild på forskjellig vis. Til dessert var det valmuekake og bakt ostekake. Om kvelden var det tid for messe. Frå adventstida var kyrkja fint pynta med mange juletre. Den største attraksjonen i den katolske kyrkja er å lage julekrybbe, der ein kunne sjå på Jesus-barnet som ligg i stallen, og alle som er rundt han: Maria og Josef og 3 kongar, og alle gjeterane som kom etter den store stjerna lyste i retning der stallen var. Av og til var det prosesjonar, og mykje fin sang. Det kunne nok variere frå hus til hus, men slik var det ganske vanleg i Polen når eg budde der». Takk til Katja, for dei fine minna. Ho har budd i Norge ganske mange år no.

Slik er det ikkje med Petro, eller Peter som han no skriv. Han kom med familien flyktningmottak i Østfold. Me har følgt med Ukraina, og om krigen som tok til 24. februar 2022. Mykje er endra der. Peter er frå byen Mariupol, aust i Ukraina, som tidleg vart svært mykje øydelagd frå nabolandet Ukraina, i fjar i september hit til Hyllestad, etter først å ha vore i

Peter Karpenko fortel:

«Julefeiringa i Ukraina følgde ortodoks tradisjon som er 7. januar. Det har vore slik sidan 1918, for at det skulle vere likt med Russland. No etter starten av krigen, har Ukraina feira 25. desember, slik at



Peter Karpenko

landet kan ha samme feiring som Vest-Europa. Elles har Ukraina som stat hatt mykje fokus på feiringa av 1. januar, Nyårsdagen».

Sjølv har han mange gode minne frå denne feiringa; med ei travel tid med å kjøpe gåver, ha søtsaker på skulen, kjøpe fyrverkeri, og førebu eit stort antal rettar til festbordet – dette var kjekt for barna kvart år.

Frå oppveksten hugsar han julefeiringa 7. januar:

«Om kvelden 6. januar, er det vanleg å førebu ein rett, som vert kalla «Kutya». Det er kokt korn, og i tillegg tørka frukter, som rosiner, svinker m.m. Det er vanleg å levere denne retten til fadrane dine. Vanlegvis er det gode venner i familien som blir vald ut som fadarar. Dei er der og for å ta vare på fadderbarna etter dåpen, og om det skulle vere problem som oppstår.

På kvelden for Jesu fødsel, julekvelden, er det vanleg å gå til naboar for «Carol». Då syng ein til dei, og for det får ein gåver, som søtsaker og kanskje pengar. Denne skikken har heidenske røter, frå Kolyada, ein mytisk skikkelse, som æra sola. «Caroling» - var då ein slags teater – oppvising likt maskerade; ein kledd seg i masker. Seinare vart

dette endra frå ein slags soltilbeding til å ære Kristus i julefeiringa. Dette vart då vanleg 6. januar om kvelden eller 7. januar om morgenon».

Elles fortel Peter om ein tradisjon han lika godt: «På nyårsafta i følge den gamle kalendaren, 13. januar, hadde ein tradisjon med «Sowing», å så. Den var mest for ugife jenter og gutter. Ei vakker jente med følge av mange andre, gjekk frå hus til hus og sang «sedrowka» for kvar familie. Dei hadde med forskjellig for å ynske alt godt for familien. Ja, eit slags «ritual» som ein tok oppatt. Dei ynskte kvarandre lykke og framgang. Gifte menn og damer deltok ikkje i dette. Det var mest ungdommar som var med».

Elles trekkjer Peter fram sangen og musikken som står stert i ukrainsk juletradisjon. Der er eit stort namn i Ukraina; Nikolai Leontovich, som var utdanna prest, men vart ein kjend komponist; verket «Shchedryk» er verdkjent. På engelsk blir det «Carol of the Bells».

(Har lese at i USA kallar dei han

«Ukrainas Bach. Vårt lokale kor «Fjordklang» har hatt denne i sitt reportoar.)
Tusen takk til Peter for dette!
Då går me til eit heilt anna land, og ein annan kultur. Til Filippinene.
Me har snakka med ei dame som har budd her i Hyllestad; i Liforden sidan 1990.

Victoria Jimenez Bårøy (Vicky) fortel frå katolsk tradisjon:

«Vi feirar jul på Filippinene 24. des. same som her i Norge, men det viktigaste er å gå til kyrkja til midnattsmesse. Juletradisjonen tek til 16. desember, då ein går til kyrkje kl. 4 om morgonen i 8 dagar og siste dag 24. des. ved midnattsmesse. Kyrkjene er fulle av folk og mange må også stå ute. Vi har ikkje tradisjonell mat som her i Norge, det spørst økonomien den enkelte har, men jula er kjekk uansett.

Vi har «caroling»; folk går frå hus til hus i gruppe eller 2-3 personar og syng julesangar, og vi får pengar for sangen som ei julegåve, på ein måte.



Victoria Jimenez Bårøy

Når eg var unge var eg sjølv ikkje van med julegåve frå foreldra mine, men vi bytta gåver på skulen, når det var julefest før juleferien. Eg trudde på julenissen når eg var unge at han kom på besøk til alle ungane. Eg fekk sjokolade i sokkane som eg hadde hengt der veslejulafta.

Tusen takk til Vicky og velsigna jul til alle!

Audun Systad

Pilegrimsgudsteneste

Laurdag 17.juni var det, i samband med Kversteinsmarknaden, «Pilegrimsgudsteneste» i Kvernsteinsparken - BRØDET OG TRUA var to sentrale ord i preika til prest Audun Systad. Kvernsteinane gav oss mjøl til brødet på bordet, og steinkrossane minner oss om trua me fekk. Dette er med og gjev perspektiv på kvifor nett Kvernsteinsparken er nøkkelstad nr. 12, på «Kyst-pilegrimsleia». Sokneprest Runar Matsui-Li hadde ansvar for liturgien elles, saman med andre tilsette og ei forsongargruppe.



Leiar i Hyllestad sogelag, Leif Akse, fortalte litt om den gamle kyrkjegarden, som er ein litt bortgøymd kulturskatt i Hyllestad.



Deretter var det ei vandring gjennom Svartedalen til Hyllestad gamle kyrkjegard.

Interkulturell kafe = kjekt!



Dei gode samlingane med interkulturell kafe har halde fram dette hausthalvåret – i september, november og desember. Det har vore frå 30-50 på desse samlingane, litt mindre no i november. Dette er «lågterskelsamlingar» med vekt på treff og gode samtalar over ulike land og kulturar.

Før jul vert det ei evaluering om ein skal halde fram med samme konsept, eller noko skal endrast. På facebook-

sida til Hyllestad kyrkje frå samlinga som var lørdag 9. september stod det:

«Sist lørdag var det varme vindar og nydeleg ver, men rundt 30 personar fann vegen til Hyllestad kyrkje, der frivillige igjen stod klar med vaflar, kaker, kaffi og saft. På «barnebordet» kunne ein lage hjerte av rognbær, og mange teikna fine motiv. Vi tente lys i globen, og ba enkle bøner for land og utfordringar. Organist Erling spelte

håpssangen "You raise me up". Land som Ukraina, Polen, Filippinane, Libanon, Portugal- og Norge var representerte. Neste gong er sett opp lørdag 4. november. «Så lenge til?» var det nokon som spurde.... Vi må sjå.

Takk for all positiv velvilje. Helsing «Inviterande kyrkje» - Hyllestad sokneråd.

AuS



ET BARN ER FØDT I KRIG

Akkurat nå er vi til stede i Ukraina, Gaza/Palestina og Sudan, hvor barn fødes i bomberegn og angrep. Millioner av mennesker er på flukt og har mistet håpet, sine kjære og alt de eier. Vi sørger for nødhjelp der behovene er størst, og deler ut vann, varme tepper og hygieneartikler. Du kan være med å redde liv og gi barna en fremtid.

Vipps 2426



I skuggen av Ukraina

Familien på åtte bur i ein skiten kjeller på niande året etter at dei flykta fra Syria til Libanon. Åtte år gamle Mohamad har alle odds mot seg.

I det vi går inn i den nedslitte bygarden, byrjar vi å gå opp trappene, men blir fort bedne om å snu for å gå ned. Nedover og nedover. Forbi søppelrom, lagerrom og nærmare og nærmare lukta av kjellar.

Til slutt stoppar vi nedst, der det for det meste er buer, noko tøy som heng til tørk og stablar av ting ingen andre treng. Mora trekkjer ein fillete gardin til sida, og viser oss inn på eit rom med tre madrassar. Her bur dei alle saman. Mor, far og seks søskener. Her enda flukta fra Syria og draumen om eit nytt liv etter krigen.

Støtte til mor og barn

I ni år har familien kome til helsecenteret vi driv saman med partnarane våre, vi tok oss av mora då ho ikkje greidde å betale for seg på butikken. På helsecenteret har barna fått tett oppfølging, i tillegg til både vaksinar og medisinar.

– Livet er hardt, seier mora stille. Ho ønskjer å vere anonym. Slik dei bur er for skamfullt for henne å vise fram.

Helsecenteret har støtta mora gjennom fødslane, men også sytt for at dei har fått pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

– Vi hadde ikkje greidd oss utan, seier ho.

Familien på åtte er berre ein av mange familiar som slit i Libanon no. Prisane på mat har mangedobra seg, det offentlege tenestetilbodet har kollapsa, folk har mista sparepengane sine og fattigdomen aukar fort. Kjønnsbasert vald har auka med 300 prosent, og vassmangelen er enorm. Landet er også hardt råka av Ukrainakrigen. I Libanon er det no ei femdobling av bensinprisane, firedobling av prisen på matolje og firedobling av prisen på brød og sukker sidan Ukrainakrigen braut ut.

I over 20 har Kirkens Nødhjelph drive helsecenter her, og Fady Iskandar, som er prest og samarbeidspartner, seier at situasjonen for menneska her har forverra seg berre dei siste åra.

– Vi har ikkje sett byrjinga ein gong, problema har berre blitt større og større. Valden aukar, fattigdomen aukar og mange slit, seier han. Kyrkja ligg rett over gata for helsestasjonen, og er syrisk ortodoks. St. Jacob er kjend for å ta imot minoritetar fra Syria, Irak og fattige fra Libanon.

– Vi vil diverre berre sjå fleire problem i framtida. Aldri før har det vore viktigare at kyrkja og helsecenteret står saman. Kyrkja ser kven som har det ekstra tøft, og viser dei til helsecenteret, slik at dei får hjelpt der nøda er størst. Vi skal snart feire jul og minnest den natta spedbarnet, Jesus, vart fødd inn i ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Men sjølv om verda rundt var kaotisk, så var han trygt omringa av sine nærmaste. Mohamad er eit av dei barna som er omringa av sine nærmaste, sjølv om han vart fødd inn i den same verda som Jesus. Ei verd med konflikt, fattigdom og nød.

Oppdraget vårt er å hjelpe barn som Mohamad og liknande familiar. Saman med deg kan vi gje endå fleire barn og deira mødre, tilgang til hjelp under fødsel, vaksinar, pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

SLIK GJEV DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

- Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248

Reisebrev

Aller fyrst skal eg fortelle kven eg er: Mitt navn er Oddlaug Løvik, født Kjelby, og heimkommunen min er Gulen.

Eg hadde lenge gått med ein draum - eg hadde så lyst til å besøke staden der min morfar Olaf Karenus Ottesen hadde vore prest og mor var født - Hyllestad.

Marianne (eldste dotter) og eg hadde allereie planlagt ein tur til vestlandet. Eg lufta ynsket eg hadde. «Det er klart vi kan det mamma! Du får sette opp reiseruta og kontakta dei rette personane, overnatting treng me og».

Fram med nettbbrett og Google for å finne telefonnummeret til Hyllestad kyrkjekontor. Ei hyggelig herrestemme svarte, eg sa kven eg var og bar fram ynsket eg hadde og kvifor. Datoen var lørdag 2. sept. «Klart at dette ordner me» sa den hyggelige stemma til Aslak Åm Sognnes, og kl. 11 lørdag 2. sept. var i boks. Det var kyrkjetenar Helge Systad som hadde fått i oppdrag å møte oss.

Reiseruta var klar. Overnatting måtte bli Hotell Sognefjord i Leirvik. Eg såg fram til det - hadde vore i Leirvik i 2 år frå eg var 14 1/2 år til 16 1/2 år - 67 år sidan. Eg passa Olaug, smågjenta til Hallfrid, syster mi, som jobba på rikstelefonen og posten. Hallfrid flytta seinare til Lofthus.

Kunne det være nokon som hugsa henne? og jammen var det det - tilfeldig nei - gudfeldig ja. Eg møtte nettopp den personen - Kari Wolff. Ukjent for meg, men Hallfrid snakk mykje om ei ny venninne ho hadde fått og at ho heitte Kari Wolff. Det vart eit koseleg møte der i trappa opp til huset der Hallfrid budde.

Men det var fleire som ville væra med på reisa; Tone (yngste dotter), tantejente Mona frå Trovågen og 2 frå Flekke, Dagrun og Hilde. Dagrun var gift med Leif Gunnar Igelkjøn, som eg var tante til. Han døde i februar, så det var veldig kjekt at dei ville være saman med oss.

Me var ute i god tid, måtte få litt oversikt over bygda med Lihesten,



stor og rank der ute i fjorden, og ha litt tid til å helse og klemme dei 2 som kom frå Flekke. Kyrkjetenar Systad møtte oss som avtalt kl. 11, og me fann tonen med det same.

Endelig var eg der. Lengselen eg hadde bore på så lenge var no verkeleg, kjende at hjarta dunka litt ekstra hardt - kva venta meg? Eg kom inn i eit romsleg, lunt og lyst kyrkjerom. Fyrste tanken var at kyrkjerommet nok ikkje såg slik ut då bestefar var prest der, det var nok tilpassa tidas krav. Men det gjorde ikkje noko - no var eg her.

Systad fortalte at kyrkja var bygd i 1880, altså 5 år før Ottesen kom



dit. Tenker han var ein god prest. Forutan prestjobben var han særslig opptatt av skulevesenet og hadde fleire tillitsverv.

Det var så fredeleg å gå omkring og berre nyte kyrkjerommet. Døypefonten sto der og me fekk vite at den hadde vore på vidvanle noko år, men var no på plass. Fat og vannmugge var som før. Mor var født 9.4.1889 og eg let tankane gå attende til ein fin vårdag for 134 år sidan då ei lita gjente vart døypt av sin far og fekk namnet Aslaug.

Ellers så veksla tankar og følelsar mellom fortid og nåtid. Korset som hang der på veggen, noko nytt og noko gamalt og med post IT lappar på - teikna og skrive av ungar. Lappane rørte meg og eg siterer: «Takk for den eg e. Takk for familien min. Takk for at vi får leva med deg og takk for at du alltid er med oss uansett kva humør eg er i».

Ei flott svart tavle med gotisk skrift vart studert nøye. Den var nok eldre enn kyrkja frå 1880. Gotisk skrift var ein utfordring, men såpass kunne me at på venstre side var Misjonsbefalingen/Dåp, i midten Trosbekjennelsen og på høgre side Nattverden. Det var høgtidsamt og berre være der og eg tenkte, det er nok nokon me ikkje ser, som er med oss idag.

Men klokka sa vi snart måtte takke for oss. Eg hadde spurt Marianne og Tone om dei kunne synge ein song før me forlet kyrkja og det ville dei. Tone sette seg til flygelet og dei song Mitt hjerte alltid vanker i Jesu foderom. Kva tenkte eg no - fred og ro og glede over at eg endelig hadde fått ynskjet mitt oppfyllt.

Tusen takk til Aslak Åm Sognnes som la alt til rette. Tusen millionar takk til kyrkjetenar Systad som let oss rusle der i fred og ro og svara på spørsmåla vi hadde.

Me avslutta med ein tur i Kvernhusparken før me tok farvel



Frå venstre Dagrun, Hilde, Marianne, Mona, Tone og Oddlaug.

med Dagrun og Hilde som skulle til Flekke. Med kaffi på termos, kanel- og rosinbollar kjøpt på Spar, benka vi oss kring bålpanna som stod der. Det var litt vemodig å ta farvel med dei som skulle til Flekke, me andre hadde neste stopp Hjartholm.

var han særslig opptatt av skulevesenet og hadde mange tillitsverv. I Gulen fekk han bl.a sett opp mange skulehus. Det står å lese om han at ved hans 30-års jubileum i 1923, ga gulingane han mange bevis på hengivenhet og aktelse.

Litt om sogneprest Ottesen



Han var født 26.7.1856 og døde 30.11.1932. Budde på Jeløya som pensjonist. Gravlagt i Eivindvik, der gravsteinen hans fortsatt står. Etter at han hadde vore prest i Hyllestad frå 1885 til 1893, vart han sogneprest i Gulen og busett i Eivindvik. Han må ha trivdest i Gulen, var prest der til han vart pensjonist i 1926. Som i Hyllestad så også i Gulen,

Så litt om prestedottera.

Ho fann seg ein bonde på ein fjellgard - Kjelby og bondens namn var Ola M Kjelby. Bryllupet stod 14.1.1910 i Eivindvik kyrkje. Det var nok å ta fatt på, så noko latmannliv vart det ikkje. Av 12 born var det 9 som vaks opp, 2 gutter og 7 jenter. Mor døde i februar 1966, og far døde i april 1977. No er det oss to yngste som er att, Bjørg snart 93 og eg som er attpåskatten født i 1940 og nettopp fyllt 83.





Den årlege kyrkjelydsbasaren

31.oktober var omlag 100 personar samla i Hyllestad kyrkje. Til opning var det ein kort andakt, før vi gjekk vidare til god gamaldags basar. Det var god stemning, med fire åresal, pluss eit lite ekstra-lotteri med eit fenalar som vinst. Det var og, tradisjonen tru, lagt inn ein pause med kaffi og noko å bita i. Her var det kaker, bollar, pizzasnurrar++ på menyen, altso mykje godt! Takk til

konfirmantane som selde årar til den store gullmedaljen, flott ungdom! I tida før basaren vart det selt lodd på bok rundt om i heile kommunen og på facebook. Basarinntekta går til kyrkjelydsarbeidet vårt og resultatet i år vart veldig bra, kr. 69.650,-.

Takk til bedrifter og privatpersonar som bidrog med vinstar, alle som kjøpte lodd, alle dykk som

kom på basaren og bidrog til den gode basarstemninga. Takk til basarnemnda, alle som selde lodd, alle som bidrog med kaffimat og alle som var med og losa basaren trygt i hamn.

So no er det berre å glede seg til neste års kyrkjelydsbasar!





Haustattakkefest23

1. oktober hadde vi den årlige Haustattakkefesten med utdeling av bøker til 4 og 6-åringer. På forhånd var barna invitert til Myldresamlingen for å få arbeidsbok og forberede seg til kirkegang.



Myldresamling

Myldresamling er eit arrangement for barn i kyrkja under skolealder samen med forelder eller annan forsørger. Barna kan gjerne kome saman med eldre søsknen. Vi samlast mellom 17:15 og 18:30. Siste samling før jul er 7. desember.

Helsing Runar og Kari



Minikonfirmasjon 23

I år ble elever i 5. og 6. klasse invitert til Minikonfirmasjon og vi er en fin flokk som samles i kirken en gang pr måned fra oktober. Den samme gruppen følger kurset «Vandring gjennom Bibelen» eller «Bibelsporet» som det heter i dag.





Basecamp Hyllestad 2023

Lørdag 7. oktober gikk den årlige ungdomsleiren, BaseCamp av stabelen i Hyllestad kirke og Kvernsteinsparken. I år var leiren en dagsleir, men for en dag det ble i oppholdsvær! Lek og moro. Sporlek og eggkasting. Bålplassene var tent

til grilling av pølser, og til varme for kalde deltakere. I fler brukshuset fikk vi varm middag. Jeg kommer aldri til å glemme Kirsten ledet lovprising av Toro poseprodukter. Flott felleskap, god musikk og kristent budskap: Vi tror at å følge Jesus er som å skru på

lys bryteren i livet. Livet er så mye lettere med lyset på.

Deltakere mellom 13 og 19 år fra Bergenskanten, konfirmanter fra Gulen og Hyllestad. Konfirmantene våre gjorde mange nye bekjentkaper.



Songkveld i Hyllestad kyrkje



Fredag 20. oktober var det ein flott "Syng med oss" kveld i kyrkja. Moreld leia fellessongane og framførte sjølve kjende gospelsongar. Denne variasjonen av fellessong og framføring var veldig fin. Kvelden var eit samarbeid med organist Kjell Ivar Aase på flygel og Leon Haugsbø, tidlegare rektor på Sunnfjord folkehøgskule. Han framførte ulike bibeltekstar med tema ut frå songane. Det kunne godt ha vore fleire til stades, men vi som var der, hadde ein innholdsrik, humørfylt og triveleg kveld!

Konsert ved bratsjist i Kringkastingsorkesteret Nora Taksdal, «I den sylvblå glans»

Laurdag 21. oktober, var det ei strålende musikalsk reise i Øn kyrkje, der publikum innimellan dei musikalske innslaga og fekk små kåserande innslag knytta opp mot musikken og instrumenta. Nora Taksdal hadde nemnlag med sin nyleg erverva hardingbratsj, som er den einaste i sitt slag.

Som fine innsmett i konserten, deltok Atle Ove Martinussen med diktlesning av m.a Arne Garborg, Jakob Sande og Ingvar Moe. Godt inspirert av Jo Fosse sin tildelte Nobelpris i litteratur, vart nynorsken framheva både i omtale og i sjølve dikta som vart lesne.

Konserten «I den sylvblå glans» var ei utruleg fin oppleveling for dei nær 30 som var til stades.





50-års konfirmantar 2023: Fin søndag i kyrkja med 50-års konfirmantar 3. september

Det var godord om ei flott helg frå 50-års konfirmantane dette året. Medan godveret var, samlast dei lørdag med tur til Dagsturhytta, og hadde middag på Hotell Sognefjord om kvelden.

Søndag, ein regnfull dag, samlast dei i kyrkja, og det var og god prat på kyrkjekaffien med dei som kom til kyrkja. I samtalen fekk me høre om eit kull som sang mykje, og ikkje hadde «overhøyring», men meir deltaking i konfirmasjonsgudstenesta. Svend J. Jensen var konfirmantprest.

Dei var og dei første som gjekk på den nye Hyllestad ungdomsskule. Difor var det og to kull; 1957-og 1958, representerte. Soknerådet sytte for god kyrkjekaffi, og det var høve til å stemme ved kyrkjevalet, som nokre nytta seg av.

På bildet ser me i første rekke frå v.: Astrid Råsberg, Laila Bråstad Ulvik, Solfrid Tveit Birkeland, Aud Marit Nyland Eide, Oddvar Jarle Hatlem, Øystein Systaddal og prest Runar Matsui-Li. I andre rekke frå v: Ove Varlid, Kari Nordbø Systad, Svein Rune Lekva, Arne Eide, Wenche Wolff Anglevik og Rune Løland.

Jan Olav Gjerde og Arne Solås var og med mykje av helga, men ikkje på biletet. I komiteen var: Oddvar, Kari, Solfrid og Jan Olav. Mange andre hatt hatt lyst å komme, men fekk ikkje høve.

Gudstenesta var ved prestane Runar Matsui-Li og Audun Systad hadde «samtalene» med konfirmantane. Frå kyrkjelyden si side, ser me at slike arrangement har stor verdi både for dei som deltek og for kyrkjelyden. Håpar kommande kull får lyst å arrangere slike treff.

AuS

Vikaren vart verande i 18 år

Tekst: Atle Lyngstad Ness Foto: Aslak Åm Sognnes

For 30 år sidan vart Irene Fløde arbeidsledig frå Førsund gartneri i Leirvik. Dette fall saman med at kyrkjeverja i kommunen ønskte permisjon. Irene gjekk då inn i eitt års vikariat. Men det vart meir. Nær 18 år, delt i to nesten like lange bolkar. Medrekna tid i Fjaler og Gaular har den nyslattne pensjonisten vore kyrkjeverje i 30 år.

Som namnet tilseier kjem Irene (68) frå Fløde på Stadt og vaks opp der. I storm og stille. Ho er utdanna gartnerar, med praksis både frå blomsterproduksjon og hagesenter, lengste tida på Austlandet, men altså nokre år i Leirvik. Ho har også bak seg to år i Stavanger, og eitt år på bibelskule. Sist på 90-talet tok ho utdanning som kyrkjeverje i tillegg til fast jobb, ei årseining delt på to år.



Irene Fløde t.v. er glad for at Hyllestad kommunestyre løyvde pengar til halv stilling som kyrkjeverje, og at Renate Ørnehaug Dale frå Leirvik alt er i sving med dei mange oppgåvene.

Lommekjend på Fv 57

Då Aslak Åm Sognnes ønskte permisjon i 1993, og Irene begynte som kyrkjeverje i Hyllestad, var

stillinga 25 prosent. Seinare vart den auka til 50. Den gongen budde ho i Lavik, og var kyrkjeverje i Gaular eit par år. Også det i delstilling. Då Fjaler oppretta halv kyrkjeverjestilling i 1996, og Irene fekk den, flytta ho til Dale og pendla mellom Dale og Hyllestad. Slik var det i sju år, då ho fekk heil stilling i Fjaler og sa opp i Hyllestad.

Men det er ikkje slutt med det. Då Hyllestad igjen stod utan kyrkjeverje i 2014, takka Irene ja til 25 prosent jobb, slik soknerådet hadde spurt om, føresett at ho fekk permisjon ein dag før veka i Fjaler. Det gjekk i orden, og den ordninga varde fram til i vår. Men det kostar, sjølv om ordet frå Matteus om å tene to herrar, ikkje må takast heilt bokstavleg:

For små ressursar

- Siste perioden vart nok litt for lang. Eg skulle ha gitt slepp på Hyllestad tidlegare. Eg fekk ikkje gjort alt eg burde. Sekretær i 40 prosent stilling og kyrkjeverje i 25 prosent er altfor lite. Dessutan var det uheldig at kyrkjeverja ikkje var busett i kommunen, seier Irene. Ho legg til at Aslak Åm Sognnes har vore sekretær mestedelen av tida hennar i Hyllestad. Om han ikkje



Å dørge etter lyren heime på Stadt, her i leia til skipstunnelen, tykkjer Irene Fløde er god avveksling til papirarbeid.

hadde vore der og teke ansvar for gravferdsforvaltninga, hadde ho ikkje gått attende til Hyllestad i 2014.

Der er tre gravplassar, tre kyrkjer og eitt kapell å ha tilsyn med og ta ansvar for. Det krev mykje, meir enn mange fullt ut forstår.

Vanskeleg å nå fram

- Å synleggjere overfor kommuneadministrasjonen kva arbeidet består av, og halde fram kommunen sine forpliktingar for den lokale kyrkja, har teke mykje av arbeidstida. Det burde vere unødvendig, seier Irene, og legg til:

- Det toppa seg på hausten i fjor med synleggjering av behovet for å få tilsett kyrkjeverje i 50 prosent stilling. Stor takk til kommunestyret som løvde midlane slik at det no er ny kyrkjeverje på plass, og som dessmeir er heimehøyrande og bur i kommunen. Det er svært gledeleg,

men dei administrative ressursane på kyrkjekontoret er framleis for små, under eitt årsverk.

Den pensjonerte kyrkjeverja grunngjev dette synet med at dei ikkje er ajour med gravferdsforvaltninga, og at der for skuld små ressursar er etterslep på område som HMS og arkivsida. Innføring av nyt arkiv- og saksahandsamingssystem er på trappene.

Stabilitet eit pluss

Irene har opplevd det meiningsfullt å vere kyrkjeverje. Godt samarbeid med dei andre tilsette er viktig, like eins samarbeid med andre kyrkjeverjer i prostiet. Det har vorte meir og meir samarbeid den vegen, særleg med tanke på felles løysingar på felles utfordringar.

- Elles har eg samarbeidt med fleire prestar. Organist Erling Akse har

vore trufast heile vegen, og som før nemnt har Aslak Åm Sognnes vore ved kontoret mestedelen av mi tid i Hyllestad, seier Irene.

Også på kyrkjetenarsida har det vore bra stabilt, med Reidun Fleten i første perioden, seinare Gunvor Instefjord og no Helge Oddvin Systad. Toril Lange gjorde godt arbeid som trusopplærar til ho pensjonerte seg i fjor.

Ombygging av Hyllestad kyrkje skjedde i den perioden Irene ikkje var tilsett. Det var eit storarbeid, med mykje dugnadsinnsats. Og resultatet vart svært godt: - Ei funksjonell kyrkje der det er veldig mykje aktivitet. Mange er engasjerte. Slike eldsjeler er alltid eit stort pluss for ein kyrkjelyd, slår Irene Fløde fast.

Arbeidet som kyrkjeverje er variert med tilsyn av bygningar og kyrkjegardar ute, personal- og budsjettansvar, sakshandsaming og sekretærfunksjon på kontoret. I tida med overlapping fekk den nye kyrkjeverja Renate god hjelp av forgjengaren Irene med 30 års fartstid i rolla.

Renate liker utfordringar

Tekst: Atle Lyngstad Ness Foto: Aslak Åm Sognnes

Tidlegare i år begynte Renate Ørnhaug Dale (38) i stillinga som kyrkjeverje i Hyllestad. Som ekte bøfjordjente kjenner ho kommunen og mange av dei som bur her, det er avgjort ein fordel. Mykje nytt å setje seg inn i, men utfordringar liker ho.

I 2016 flytta Renate heim att til Leirvik, bygda ho forlet 13 år tidlegare for å skaffe seg ei utdanning. Med på flyttelasset var mannen Øystein, frå Øystese, og eitt barn. No tel familien fem, og dei har kjøpt hus på Øvre Heggebø.

Hotellpraksis

Renate har fagbrev i resepsjonsfaget

og arbeidde i mange år hos Radisson Blu Royal Hotel på Bryggen Bergen. Ho var også innom barnehagejobbing i by'n. Då ho flytta heim att, var ho ei tid dagleg leiar ved Hotel Sognefjord i Leirvik, og har dei siste par åra arbeidt i halv stilling på Hauglandsenteret i Flekke i resepsjon og som assistent i sjukepleie.

- Og no kyrkjeverje, var det eit «styrt lop»?

- Nei, eg må seie som sant er at eg visste ikkje at stillinga var utlyst. Men så fekk eg eit hint om det og tenkte: ja, kvifor ikkje? Og no sit eg her med budsjett og mykje anna nytt å setje meg inn i, seier Renate.

Irene – den gode hjelpar

Ho legg ikkje skjul på at det har vore godt å ha forgjengaren, Irene Fløde, som mentor, første tida. - Det er eg takksam for. Ei stund jobba vi i lag her på kontoret, men Irene har vore til god hjelp også etter det. Elles har eg heldigvis Aslak Åm Sognnes med på laget. Han har lang erfaring og kjenner sektoren godt, fortel Renate, som har vore på kurs for daglege leiarar i Drammen i regi av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA). Der var kollegaer frå heile landet, mange av dei nye i jobben, slik som eg. Det var lærerikt.

Renate har tre kyrkjer, eitt kapell



Det har vore mykje nytt å setje seg inn i, men Renate Ørnehaug Dale er glad i utfordringar og føler seg heime på kontoret og er kommen godt i gang som kyrkjeverje i heimekommunen.

og tre gravplassar å føre tilsyn med. Heile kommunen er samla i eitt sokneråd/fellesråd, og kyrkjeverja førebud saker og er sekretær for dei. Då vi snakka med Renate sist i oktober, hadde ho enno ikkje møtt det nyevalde soknerådet samla, berre det gamle, som tilsette henne.

Glad i utfordringar

Å formulere seg skriftleg er ikkje det Renate har gjort mest av før, men vil ikkje sjå det som eit problem, snarare ei utfordring.

- Her har vore veldig mykje nytt å setje seg inn i, og eg er på langt nær utlærd. Men så langt tykkjer eg det har vore kjekt og spennande med

nye ting. Eg liker utfordringar, og at arbeidsoppgåvene er varierte, set eg pris på. Sjølv om ting går fortare og lettare etter som eg kjem meir inn i saksfelta, kan eg ikkje sjå for meg anna enn at halv stilling som kyrkjeverje er eit absolutt minimum, seier Renate.

Myldresamling er bra


Hennar eige forhold til kyrkja er slik som for fleirtalet; å gå der på merke- og høgtidsagar. Dessutan tykkjer ho det er kjekt og viktig å vere med ungane på myldresamlingar i kyrkja, der dei syng, tenner lys og har felles kveldsmat. Det håper Renate vil halde fram.

Å få logistikken til å gå opp, med aktive ungar på 9, 6 ½ og 3 ½ år, er litt myldresamling det òg. - Ikkje alltid like lett når det står tidlegvakt på kalenderen, men med gode medspelarar fungerer det. Pendlinga til og frå Haugland har gått ganske greitt, sjølv om Øveråsbakkane på ulagleg vinterføre tidleg ein morgen kan vere ei utfordring, seier Renate. Men også den utfordringa prøver ho å ta på strak arm og med godt humør.



Konfirmantfestivalen 2023

«Konfirmantfestivalen» er en dagsamling for konfirmanter i Sunnfjord som erstatter Nattcupen vi arrangerte i over 20 år. Festivalen, som drives av KFUK-KFUM, samler 460 tenåringer fra Sunnfjord i Gaularhallen på Sande. Her var det konsert, taler og aktiviteter. Våre konfirmanter valgte dans, tegning og Innebandy Cup. Konfirmantene fikk anledning til å samle penger til et barnehjem på Sri Lanka gjennom «Globallopet». Hvordan det blir inntekter på et slikt løp? Ungdommene løper noen runder mot betaling fra sponsorer de selv har funnet. Konfirmantene samlet inn 6000 kr og det var et fint resultat. Takk til foreldre i Lavik som var med oss denne dagen og hjalp til med middagsservering og ellers holdt vakt over oss. Festivalen er profesjonell og godt organisert.



Kyrkjevalet

Kyrkjevalet, det vil seia; val av sokneråd og bispedømeråd, vert gjennomført samstundes og i lokale nær tilknyting til kommune og fylkestingsvalet. Dette året var det for første gong høve til å førehandsrøysta digitalt, ei genial løysing som fungerte veldig bra!

Hyllestad hadde god valdeltaking, i høve til landet elles. Snitt for heile landet er 9%, hjå oss røysta 17% av dei røysteføre, ein tredel av røystene var digitale førehandsrøyster. Ved kyrkjevalet har alle som er medlem i kyrkja og fyller 15 år i valåret røysterett. Diverre var det ingen under 18 år som nyttet seg av sin rett til å røysta.

Valet gav slikt resultat:

Hyllestad sokneråd 2023-2027

Faste medlemmer

	Rangering	Stemmer totalt
Inger Hauken	1	197
Reidun Skår	2	194
Anny Dale Fureli	3	187
Jan Olav Gjerde	4	184
Agnete Solheim	5	184
Brit Inger Skaar	6	163

Varamedlemmer

1. Jofrid Hatleberg	7	163
2. Rune Risnes	8	161
3. Siv Åshild Fristad	9	161
4. Helge Roald Jomisko	10	150

under kyrkjelydsbasaren 29. oktober vart det gamle soknerådet takka av, samstundes vart det nye soknerådet presentert. Alle fekk kvar si rose til takk. Diverre var ikkje alle til stades, korkje av det nye eller det gamle.



Frå v.: Linda Ølmheim, avtroppande leiar, Jan Olav Gjerde, ny, Jofrid Hatleberg, ny 1.vara og møter fast, Anny Dale Fureli, (tek ein periode til), Inger Hauken, ny, Reidun Skår, (tek ein periode til), Siv Åshild Fristad, ny 3.vara og Steinar Urnes, avtroppande nestleiar

Soknerådsleiaren Takk for seg

No er ein fireårs-periode over – og eg må ærleg sei at det var ganske skummelt å gå inn i rolla som Soknerådsleiari. Men

fine folk både i soknerådet og av dei faste ansatte i kyrkja, trygga og losa meg godt inn i rolla. Sjølv om vi er ein liten kommune, så var det rikeleg med saker og oppgåver å ta tak i. Men vi fekk kasta på oss meir enn vi rekna med. Då pandemien kom fekk vi utfordringa ingen hadde drøymt om. Reglar og prosedyrer måtte på plass; med avstand, krav om munnbind, ingen handhelsing eller klemming. Vi arrangerte gudsteneste utan allsang og gravferd med begrensning på antal besökande – dette var tungt for mange.

Men i slike tider ser ein også at kreativitet og nytenkning gjev rom for nye ting – mykje vakkert i form av ord og sang vart delt på skjerm. Og deler av tiltaka som vart sett i verk har vi fortsett med. Vi lærte mykje om oss sjølv og kvarandre i denne tida – og truleg er vi blitt hakket meir kloke og Takk nemlege for det vi har.

Kyrkja i Hyllestad har Mykje god aktivitet og dette kjenner eg personleg som det viktigaste.

Noko av det første dåpsbarnet møter i kyrkja er bøna om dei skal få ha ein heim i Guds kyrkje på jord. Det betyr at kyrkjene våre i Hyllestad skal vere ein heim der du får bli kjent med Gud og oppleve eit trygt og godt kristent felleskap. Vi som kyrkjelyd skal ynskje dei velkommen, vere rause og inkluderande, slik at dei opplever at her er godt å vere. I Hyllestad har vi gode medarbeidarar og frivillige som på ulike måtar gjer kyrkja vår opa og gjestfri. Soknerådet og dei faste ansatte er heilt avhengig av frivillige, som tek på seg nokre oppgåver – og gjev noko av si tid i kyrkjelydsarbeidet. Og dette gjer vi – fordi vi vil at kyrkja skal kjennast som ein heim, som ein ynskjer å kome tilbake til.

Takk til kvar og ein for tenesta de yt og tida de brukar – Flotte, trufaste og engasjert år etter år. Takk for herleg samarbeid – det har gitt mykje glede og energi.

Ynskjer det Nye soknerådet Lykke til vidare med det Gode arbeidet.

Mvh Linda Ølmheim



Avtroppande leiar og nestleiar gjev kvarandre ein god klem.

Glede og sorg

DØYPTE

Hyllestad:

Mia Akse
Viktor Espeland Bankovic
Tomine Eikelid
Mie Dale Espeland

Øn:

Audun Espedal-Torvund

Hyllestad:

Jorunn Erena Dale
Bjørg Ekreskar

f.1950
f.1948

DØDE

Øn:

Solbjørg Sundbotten Rysjedal
Asbjørg Palma Giil

f.1946
f.1944



Velkommen til dåp!



Dåpsgudstenesta

Dåpen skjer i ramma av ei ordinær gudsteneste i soknet. Dåpen er ei kyrkjeleg handling, så derfor vert heile kyrkjelyden involvert. Ein bør vere varsam med å bruke blitz under sjølve dåpshandlinga. Dette vil ein uansett få rikeleg høve til ved døypefonten etter gudstenesta, der alle kan stille seg opp, så ein kan ta gode bilete i fred og ro.

Med dette ønskjer vi i kyrkja i Hyllestad velkommen til kyrkje og dåp. Du finn meir informasjon om dåp på heimesida vår: www.hyllestad.kyrkja.no. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om det er noko de lurer på. No har vi opna for digital påmelding til dåp, der ein får fram dei aktuelle gudstenestene for dåp framover.

Her kan du leggja inn ynskje om dåp: <https://minkirkeside.no/hyllestad> Dette er ein enkel og trygg måte å leggja inn ynskje om dåp. Ein loggar seg inn med mobilnummer og får ein eingongskode. Ein får opp val av handling; Dåp, konfirmasjon, eller vigsel. Då er det berre å leggja inn alle opplysninga, so tek vi kontakt.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørande, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Belegningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving

6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no

Takk til husstyret for Hornedalen bedehus

Hyllestad sokneråd takkar hjarteleg for stor og uventa gáve til måling og reparasjon av Øn kapell. Pengane er førebels sett på Øn kapell sitt bunde fond og vil verte nytta i tråd med gjevar sitt ynskje.

Kyrkjekontoret formidlar sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gammalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølv. På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkje-kontoret har katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no>

For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplass-vedlikehald.

Kontakt: *Aslak Åm Sognes tlf. 975 83 290*



SPAR Hyllestad

ÅPEN 09-20 (18)

elfaq
HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektrikar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere **din bustaddraum!**

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjektleiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no



Med høyreapparat i kyrkja - *sei frå viss teleslyngeanlegget ikkje fungerer!*

HLF Førde og omland er eit lokallag i Hørselshemmedes Landsforbund og har medlemmer i Sunnfjord, Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Høyanger og Solund.

Siste året har vi hatt fokus på det å vere høyreapparatbrukar i forsamlingshus, og kyrkja er ein viktig plass for våre medlemmer. Ein del av oss greier oss med høyreapparat pluss høgtalaranlegg. Men svært mange er avhengige av eit velfungerande teleslyngeanlegg. Byggforskriftene inneholder krav om høyrestøttande system i rom der høgtalaranlegg er installert, og etter kvart er kyrkjene blitt godt utstyrte med teleslyngeanlegg.

Medlemmene våre opplever likevel ofte at anlegget ikkje fungerer. Plassering i forhold til anlegget kan også være avgjerande, og dette bør det opplystast om, men av og til er det ein så enkel grunn som at det ikkje er påslått.

Etter å ha hatt kontakt med kyrkja om dette, forstår vi at det er like maktpåliggjande for kyrkja - som for oss - at kommunikasjonen med høyreapparatbrukarar fungerer godt.

Norunn Ulvedal
Anne Johanne Smørdal
Kari Skullerud Holsen
Anne Britt N. Losnegård

Vi vil derfor *oppfordre alle høyreapparatbrukarar til straks å seie frå* til personale i kyrkja (gjeld også andre forsamlingshus) om dette, slik at feil kan rettast opp. Høyreapparatbrukaren kan nemleg raskt oppdage om anlegget ikkje fungerer - før dei som har ansvar for det, er klar over det. Dette gjeld dei som har *apparat med telespole* - via teleslyngeanlegget kan dei få taleyden frå presten sin mikrofon rett i øyret. Av/på-knapp på apparatet eller på fjernkontroll/mobiltlf.

Det foregår no ei rask utvikling innanfor ny teknologi med oppkoppling til programvare på mobiltelefon. Teleslyngeanlegga si tid er likevel absolutt ikkje over, men dei må vere i orden. Informasjon om og behovet for telespole kan folk ta opp med den som tilpassar høyreapparatet.

Teleslyngeanlegg er eitt av svara til kravet om universell utforming og betyr at fleire kan ta del i fellesskapet. Gode opplevelingar er avhengig av god kommunikasjon!

Synnøve Solhaugen Engen
Tove Berglund
Reidun Helleseth

Velkommen til kyrkje

Her kan kome endringar då endeleg gudstenesteliste ikkje har vore gjennom soknerådet før bladet går i trykken. Fylg med på kyrkja i Hyllestad si Facebook-side, eller på www.kyrkja.no og på kulturkalenderen på kommunen si heimeside.

03.12	Hyllestad, kl. 18:00. Lysmesse (1sia)	28.03	Skjærtorsdag. Hyllestad kyrkje, kl. 18:00.
17.12	Julekonsert, kl. 16:00 (Kyrkja og kulturskulen i samarbeid)	29.03	Påskemåltid
24.12	Bø, kl. 14:00 Øn, kl. 16:00	31.03	Langfredag. Øn kyrkje, kl. 11:00
25.12	Hyllestad, kl. 14:00	01.04	Påskedag. Hyllestad kyrkje, kl. 11:00
26.12	Hyllestad omsorgssenter Eiklund, kl. 11:30	14.04	2. påskedag. Eiklund omsorgssenter, kl. 11:30
31.12	Hyllestad, kl. 15:00	21.04	Hyllestad kyrkje, kl. 18:00.
07.01	Hyllestad kyrkje, kl: 11:00	27.04	Samtalegudsteneste
14.01	Kyrkje og misjonsdag på Alværa leirstad	04.05	Minikonfirmantleir på Alværa
21.01	Hyllestad kyrkje, kl. 11:00	05.05	Hyllestad kyrkje, kl. 11:00
28.01	Konfirmantleir Alværa	11.05	Bø kyrkje, kl. 11:00. Konfirmasjon
04.02	Hyllestad kyrkje, kl. 11:00	17.05	Nasjonaldag. Hyllestad
18.02	Hyllestad kyrkje, kl. 17:00. Bibeldag	19.05	Pinsedag. Hyllestad kyrkje, kl. 11:00
03.03	Hyllestad kyrkje, kl. 11:00	02.06	Øn kapell, kl. 18:00
10.03	Hyllestad kyrkje, kl. 11:00. Soknets årsmøte	16.06	Hyllestad/Kvernsteinsparken.
24.03	Palmesøndag	07.07	Øn kyrkje, kl. 11:00
		21.07	Hyllestad kyrkje, kl. 1100

Mange har ikke råd til å feire jul

Forskjellene i Norge øker. Flere familier må velge mellom mat eller julegaver.

Du kan hjelpe!



Gi en julegave på **vipps 13130**



Illustrasjonsfoto

INFORMASJON

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2023 – 2027

Faste medlemer:

Inger Hauken
Reidun Skår
Anny Dale Fureli
Jan Olav Gjerde
Agnete Solheim
Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Jofrid Hatleberg
2. Rune Risnes
3. Siv Åshild Fristad
4. Helge Roald Jomisko

**Innhogging
av nye
namn og
oppfrisking
av skrifta på
gravminne**



Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid onsdag kl 10.00–15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungdomsarbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Kyrkjekontoret har fast kontordag onsdag.

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Renate Ørnehaug Dale

E-post: renate.dale@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 915 16 644

Kyrkjesesekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Runar Matsui-Li

E-post: runar.li@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 488 90 086

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse – Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad – Mobiltelefon: 952 23 549

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog: LEDIG 25% STILLING

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes, Audun Systad, Runar Matsui-Li og

Linda Ølmheim

Trykk: Printfarm AS

Kyrkjekontoret formidlar
kontakt med ein som
gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på

tlf. **975 83 290**

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Vi formidlar og sal av nye gravminne fra Nergård Steinindustri.